
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 25.09.2019
Tidsramme: kl 10:00-15:30
Sted:
Saksnr.: 50/19 - 61/19
Arkivsak: 2019/132

Møteleiar:
Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:
Lodve Solholm
Toril Forbord
Gerd Marit Langøy
Bjarne Storset
Anette Lekve
Sigurd Torvik Heian
Hilde Furnes Johannessen

Frå brukarutvalet møte:
Ingrid Løset
Torill Bøe

Forfall:

Frå administrasjonen møte:
Konstituert administrerende direktør Nils Kvernmo
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte.

Styreleiar informerte om ei bra omvising i DPS Molde, Knausen i forkant av styremøtet. Styreleiar er imponert over den kompetansen som er ute i feltet og er takksam for at styret får kome ut og få sjå kva som rører seg i helseføretaket og ikkje berre sitte inne på eit lukka styrerom. Styreleiar orienterte om at helseføretaket står føre ein krevjande haust med viktige prosessar som skal gjennomførast.

Sak 50/19 Rekruttering av ny adm. direktør i Helse Møre og Romsdal HF

Avstemming blei gjort ved e-post. Sju stemte for forslaget og eit styremedlem svara ikkje grunna ferie.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner vedlagte utlysingstekst og tidspunkt for annonsering.

Sak 51/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

Sak 52/19 Orienteringssaker

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Orientering frå administrerande direktør:
 - Innføring av Helseplattformen – kickstart
 - Rekruttering i utdanningsinstitusjoner og lærlingplasser
 - Forskingskonferansen og forskning i regionen
 - Stadlege leiarsamlingar og driftsråd
 - Nye i leiargruppa
 - Ny prosjektleiar for DMS i Kristiansund
 - Status på dei ulike omstillingsprosjekta
 - Styret har i saka motteke skriftleg avgjerdsgrunnlag med oversikt over tiltak frå adm.direktør.
 - Adm.direktør og øk.direktør gjekk gjennom omstillingsarbeidet og tiltaka som har vore drøfta med føretakstillitsvalte.
- Status SNR
- Orientering om sak 50/19 – utlysingstekst i rekruttering av adm.dir. i Helse Møre og Romsdal HF. Saka blei lagt inn i dagens protokoll.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringane til vitande.

Sak 53/19 Referatsaker (utan saksframlegg)

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll frå AMU – møte 23.09.2019
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 23.09.2019
- Protokoll frå Overordna samhandlingsutval 04.09.2019
- Brev frå tillitsvalte og verneombod ved revmatologisk sengepost
- Brev frå Norsk Revmatikerforbund Møre og Romsdal
- Brev til kommunane – organisering av traumesystemet i Helse Møre og Romsdal HF
- Brev frå fastlegane i Ørsta, Volda og Hornindal kommunar
- Brev frå Folkeaksjonen for Volda sjukehus
- Brev frå Hornindal kommune av 11.06.2019
- Brev frå Hornindal kommune av 26.08.2019
- Uttale frå Sissel Anita Øyen Hareide av 29.08.2019
- Uttale frå Sissel Anita Øyen Hareide av 30.08.2019
- Uttale frå Sissel Anita Øyen Hareide av 02.09.2019

- Brev frå Ørsta og Volda kommunar av 03.09.2019
- Brev frå Volda kommune 10.09.2019
- Brev frå tillitsvalte ved prehospitala tenester avdeling Søre Sunnmøre
- Brev frå Bunadsgeriljaen ved Anja Cecilie Solvik av 11.09.19 - Klage over vedtak i HMR styret 27.03.19
- Brev frå Aure Rehabilitering AS av 22.07.19
- Brev frå leiarar på Volda sjukehus
- Brev frå ordførar Lødemel i Hornindal kommune
- Brev frå rådmann Dahl i Molde kommune

Sak 54/19 Avhending av eigedomane ved Molde sjukehus, Lundavang, Sagbakken, tidlegare sjukehushotell og bustadane på Stuevollen

Styreleiar ønskjer tillegg i punkt 2: Den nye verdivurderinga leggst fram for styret.

Følgjande blei samrøytes vedteken:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal gir adm.direktør fullmakt til å vidareføre avhendinga av eigedomane ved Molde sjukehus.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal legg til grunn at det blir utarbeidd eit moglegheitsstudie for framtidig utvikling av eigedomane. Alternativa frå denne studien gir grunnlag for utarbeiding av nye verdivurderingar. Den nye verdivurderinga leggst fram for styret.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal gir adm.direktør fullmakt til å inngå hensiktsmessig avtale for vidare bruk av nødvendige areal på eigedommane inntil flytting til nytt sjukehus på Hjelset (SNR) er gjennomført.
4. Styret for Helse Møre og Romsdal legg til grunn at avhendinga blir gjennomført korrekt i høve til føringar og retningslinjer som er gitt frå Helse Midt-Norge RHF og føretaksmøtet, samt i avhendingsstrategien, lovar og føreskrifter.

Sak 55/19 Statusrapport 2. tertial 2019 – kvalitet, økonomi og aktivitet

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapporten 2. tertial 2019 til orientering.

Sak 56/19 Revisjon av traumesystemet i Helse Møre og Romsdal HF

Det kom forslag frå styret om å utsette saka for å få framlagt ei breiare grunnlag for saka. Då med tanke på å få ei konsekvensvurdering av pasientsikkerheit, forsvarlegheit, faglegheit og økonomi ved å ha traumefunksjon i Molde sjukehus og Ålesund sjukehus og ikkje ved Volda sjukehus. Styret ønskjer ei tilsvarande vurdering av å ha traumefunksjon på alle tre sjukehus. Styret slutter seg til forslaget og saka blir sendt tilbake til adm.direktør for vidare behandling.

Sak 57/19 Etablering av samarbeidsprosjekt for utvikling av rehabiliteringstenestene i Møre og Romsdal

Følgjande blei samrøytes vedteken:

Styret gir adm. direktør fullmakt til å samarbeide med kommunane i fylket om etablering av eit felles prosjekt for utvikling av rehabiliteringstilbodet i fylket. Prosjektet skal skje innan dei rammer og mandat som kjem fram av saksutgreiinga.

Sak 58/19 Føresetnadar budsjett 2020**Vedtak:**

Styre for Helse Møre og Romsdal tek saka om arbeid med budsjett 2020 til orientering.

Sak 59/19 Forbetringsprogram 2020**Følgjande blei samrøystes vedteken:**

1. Styret ber om at det vert laga eit forslag til Forbetringsprogram for Helse Møre og Romsdal for 2020.
2. Forbetringsprogrammet skal omfatte dei viktigaste føretaksovergrepande utviklingsprosjekta samt prosjekt som er av så stor betydning for verksemda at dei bør vere forankra i styret.
3. Alle prosjekt må beskrivast med tydelege mål, milepeler og ansvarlege.
4. Forslag til Forbetringsprogram vert lagt fram for styret i desember, og vert rapportert til styret kvart tertial. Forbetringsprogrammet skal reviderast kvart år.

Sak 60/19 Møteplan 2020 for styret i Helse Møre og Romsdal HF**Følgjande blei samrøystes vedteken:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek følgjande møteplan for 2020.

Onsdag 29. januar	- Kristiansund
Onsdag 26. februar	- Volda
Onsdag 25. mars	- Ålesund
Onsdag 13. mai	- Ålesund
Onsdag 10. juni	- Ålesund
Onsdag 16. september	- Molde
Onsdag 14. oktober	- Ålesund
Onsdag 11. november	- Ålesund
Onsdag 09. desember	- Ålesund

2. Styreseminar vert sett opp 26. mars og 12. november.

3. Administrasjonen får fullmakt til å endre møtestad ved behov.

Sak 61/19 Godkjenning av protokoll 08/2019 – styremøte 25.09.2019**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 25.09.2019.

Molde, 25.09.2019

Ingve Theodorsen
styreleiar

Lodve Solholm
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen